



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 15.10.2018
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 13:40

ORIENTERING:

- Orientering frå rådmannen om aktuelle saker

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
63/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
64/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
65/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
66/2018	SAMTYKKE TIL OMDISPONERING OG DELING AV GAMALT KÅRHUS MED TOMTEAREAL FRÅ LANDBRUKSEIGEDOM GNR 56, BNR. 1 OG 3, NESE I EKSINGEDALEN
67/2018	OPPSTART AV REGULERINGSPLAN KOLLEKTIVTERMINAL DALE, PlanID 2018002
68/2018	DISPENSASJON FOR ETABLERING AV NY EIGEDOM MED FØREMÅL NAUST FRÅ EIGEDOM GNR. 53, BNR. 1, FURNESTREET.
69/2018	KLAGE PÅ AVSLAG, SØKNAD OM ETABLERING AV SJØLVBETJENINGSSTASJON FOR BENSIN OG DIESEL, DALEGARDEN GNR 22 BNR 718
70/2018	KOMMUNEPLAN AREALDEL TIL HØYRING
71/2018	VAL AV JUSTERT VISUELL PROFIL



Vaksdal kommune



63/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 63/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

64/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 64/2018 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

65/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Kjartan Haugsnes fremja sitt skriftlege spørsmål (lagt inn som referatsak 2)

Rådmannen svarte - svaret ligg som referatsak 3.

Samrøystes vedtak.



FPØ - sak 65/2018 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

**66/2018: SAMTYKKE TIL OMDISPONERING OG DELING AV GAMALT KÅRHUS MED TOMTEAREAL
FRÅ LANDBRUKSEIGEDOM GNR 56, BNR. 1 OG 3, NESE I EKSINGEDALEN**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i jordlova § 9 andre ledd, jf. § 1, får Ole Jakob Nese, heimelshavar på gnr. 56, bnr. 1 og 3 Nese i Eksingedalen, løyve til å omdisponere 0,2 daa med bebygd areal og 0,8 daa med fulldyrka jord frå føremål LNF til bustadføremål. Til saman 1 daa.

Med heimel i jordlova § 12 tredje ledd, jf. § 1, får heimelshavar også løyve til å dele det same arealet frå landbrukseigedomen (gnr. 56, bnr. 1 og 3), med oppretting av ny, sjølvstendig matrikkeleigedom.

Godkjende grenser for omdisponering og deling, går fram av vedlagt situasjonskart til vedtaket.

Dersom arbeidet med omdisponering og deling ikkje er sett i gong innan tre etter at samtykke vart gjeve, fell samtykket bort, jf. § 9 fjerde ledd og § 12 åttande ledd i jordlova.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 66/2018 Tilråding:

Med heimel i jordlova § 9 andre ledd, jf. § 1, får Ole Jakob Nese, heimelshavar på gnr. 56, bnr. 1 og 3 Nese i Eksingedalen, løyve til å omdisponere 0,2 daa med bebygd areal og 0,8 daa med fulldyrka jord frå føremål LNF til bustadføremål. Til saman 1 daa.

Med heimel i jordlova § 12 tredje ledd, jf. § 1, får heimelshavar også løyve til å dele det same arealet frå landbrukseigedomen (gnr. 56, bnr. 1 og 3), med oppretting av ny, sjølvstendig matrikkeleigedom.

Godkjende grenser for omdisponering og deling, går fram av vedlagt situasjonskart til vedtaket.

Dersom arbeidet med omdisponering og deling ikkje er sett i gong innan tre år etter at samtykke vart gjeve, fell samtykket bort, jf. § 9 fjerde ledd og § 12 åttande ledd i jordlova.



67/2018: OPPSTART AV REGULERINGSPLAN KOLLEKTIVTERMINAL DALE, PlanID 2018002

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtar planutvalet i Vaksdal kommune oppstart av detaljreguleringsplan for kollektivterminal Dale sentrum, PlanID 2018002. Føremålet med planen er tilrettelegging for eit trafiksikkert, publikumsvenleg og framtidsretta kollektivknutepunkt i Dale sentrum.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Sigmund Simmenes stilte spørsmål ved sin habilitet, jfr. fvl § 6 1. ledd punkt b). Formannskapet vedtok samrøystes at han er habil til å delta i behandlinga av saka.

Rådmannen kom med ei saksopplysning om Falkanger Bygg; kommunen er i dialog med Falkanger Bygg og det vil koma eigen sak om dette.

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet viser til samrøystes vedtak i kommunestyret 07.05.2018, PS 28/18 som mellom anna seier:

"Administrasjonen syter for at Falkanger Bygg får hensiktsmessige areal annan stad slik at næringsverksemda ikkje vert skadelidande."

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 1 røyst og fall.

FPØ - sak 67/2018 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtar planutvalet i Vaksdal kommune oppstart av detaljreguleringsplan for kollektivterminal Dale sentrum, PlanID 2018002. Føremålet med planen er tilrettelegging for eit trafiksikkert, publikumsvenleg og framtidsretta kollektivknutepunkt i Dale sentrum.

68/2018: DISPENSASJON FOR ETABLERING AV NY EIGEDOM MED FØREMÅL NAUST FRÅ EIGEDOM GNR. 53, BNR. 1, FURNESTREET.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, *Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag*, § 11-6, *Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel*, og 11-7 *Arealføremål i kommuneplanen sin arealdel*, nr. 5 for oppretting av ny matrikkeleining frå eigedom gnr. 53, bnr. 1 og 2, Furnestræet.



Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen for klagevurdering, jf. utale frå Fylkesmannen datert 21.12.2017.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, vert det gjeve løyve til oppretting av ny eigedom med føremålet naust frå gnr. 53, bnr. 1 og 2, i Furnestræet, Vaksdal kommune, slik søkt om.

Plassering og storleiken på eigedomen skal vere i samsvar med situasjonsplan datert 11.06.17.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 68/2018 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, *Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag*, § 11-6, *Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel*, og 11-7 *Arealføremål i kommuneplanen sin arealdel*, nr. 5 for oppretting av ny matrikkeleining frå eigedom gnr. 53, bnr. 1 og 2, Furnestræet.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen for klagevurdering, jf. utale frå Fylkesmannen datert 21.12.2017.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, vert det gjeve løyve til oppretting av ny eigedom med føremålet naust frå gnr. 53, bnr. 1 og 2, i Furnestræet, Vaksdal kommune, slik søkt om.

Plassering og storleiken på eigedomen skal vere i samsvar med situasjonsplan datert 11.06.17.

69/2018: KLAGE PÅ AVSLAG, SØKNAD OM ETABLERING AV SJØLVBETJENINGSSTASJON FOR BENSIN OG DIESEL, DALEGARDEN GNR 22 BNR 718

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33 vert det gjort følgjande vedtak:

Klage datert 24.08.2018 vert ikkje teken til fylgje. Kommunen sitt vedtak av 20.07.2018, saknr. 93/2018, om å gje avslag på søknad om etablering av sjølvbetjeningsstasjon for bensin og diesel på eigedom gnr. 22, bnr. 718, Dalegarden vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018



Behandling:

Framlegg frå Eirik Haga, på vegner av AP, SP, KRF:

Klage datert 24.08.2018 vert teken til følge. Kommunen sitt administrative vedtak av 20.07.2018, saknr 93/2018, om å gje avslag på søknad om etablering av sjølvbetjeningsstasjon for bensin og diesel på eigedom gnr 22 bnr 718, Dalegarden, vert oppheva, og det vert gjeve løyve til etablering av sjølvbetjeningsstasjon for bensin og diesel på Dalegarden gnr 22 bnr 718.

Før etableringa må det utarbeidast ein ROS-analyse og inngåast ein privatrettsleg avtale mellom Vaksdal kommune og tiltakshavar med omsyn til klausuleringa.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Eirik Haga - framlegget frå Eirik Haga vart vedteke mot 1 røyst (SV).

FPØ - sak 69/2018 Vedtak:

Klage datert 24.08.2018 vert teken til følge. Kommunen sitt administrative vedtak av 20.07.2018, saknr 93/2018, om å gje avslag på søknad om etablering av sjølvbetjeningsstasjon for bensin og diesel på eigedom gnr 22 bnr 718, Dalegarden, vert oppheva, og det vert gjeve løyve til etablering av sjølvbetjeningsstasjon for bensin og diesel på Dalegarden gnr 22 bnr 718.

Før etableringa må det utarbeidast ein ROS-analyse og inngåast ein privatrettsleg avtale mellom Vaksdal kommune og tiltakshavar med omsyn til klausuleringa.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjersle.

70/2018: KOMMUNEPLAN AREALDEL TIL HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til kommuneplan, arealdel 2018-2030, datert 15. oktober 2018 sendast til høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-14.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 70/2018 Vedtak:

Forslag til kommuneplan, arealdel 2018-2030, datert 15. oktober 2018 sendast til høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-14.



71/2018: VAL AV JUSTERT VISUELL PROFIL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Vaksdal kommune velgjar alternativ 1 som visuell profil

Alternativ 2: Vaksdal kommune velgjar alternativ2 som visuell profil

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.10.2018

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Alternativ 2 i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

FPØ - sak 71/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune velgjar alternativ 2 som visuell profil.



ORIENTERINGAR FRÅ RÅDMANNEN

- Status på kommunen si beredskap i samband med regnværet den siste tida
- Vedtak om pålegg til Kryptovault - lagt inn som referatsak 4
- Oppdatert tempoplan - denne ligg på Møteportalen (under Informasjon)
- Praktisk gjennomføring av budsjettseminar - skal i år haldast på hotell Terminus mandag 29. og tysdag 30. oktober. Oppstart kl 0900 på mandag.

SPØRSMÅL

Heidi Rongved

1. Om permisjonar for tillitsvalde i lag og organisasjonar, jfr. interpellasjon i møte 13.11.2017. Ho ba om at denne saka vert sett på sakskartet i ADMU for å få oppjustert reglementet
Rådmannen svarte
2. Om saker som vert oversendt Fylkesmannen. Svara frå Fylkesmannen bør leggjast fram for formannskapet til orientering
Rådmannen svarte

Sigmund Simmenes

Om raset på Fv 569. Kva beredskapsmuligheter har ein hvis dette skjer igjen
Rådmannen svarte